TEMA: *Skogen, oppgangssagen Ⓣ95*
KART: *Ⓚ443*

Mollandseid



Desse figurane på ei kvernhusdør på Hosteland viser eit kjært tema: båten.

I MOLLANDSVÅGEN, like ved elva som renn frå Mollandsvatnet og ut i fjorden, ligg to vassdrivne sirkelsager og ei kvern. Dette sag- og kvernbruket har høyrt til gardane Molland, Reknes og Duesund, som saman eig rettane til vassfallet.

Sagene på Mollandseid.

I 1723 hadde gardane Molland og Reknes eit kvernhus i sameige. Om det er det same kvernhuset som står her i dag, veit vi ikkje sikkert. I 1804 søkte oppsitjarane på Molland om kongeleg løyve til å driva sag. Denne er no borte; truleg må dette har vore ei oppgangssag. Sirkelsagene, som står her i dag, er truleg frå 1870-åra, men framleis drivne med vasskraft. Sagene i Mollandsvågen låg lagleg til for å skipa skurlast vidare, men strevsamt må det ha vore å få tømmeret fram til saga. I Masfjorden er det gode skogsbygder, og brukarane har hatt gode inntekter av skogen. Ein del skurlast gjekk til Bergen, men mykje vart selt – eller bytt mot fisk – til folk frå Austrheim, Fedje og Gulen. Dette er eit klassisk tema i Nordhordlands næringsøkonomi, heilt sidan mellomalderen: tømmer og stover frå dei indre skogsbygdene i byte mot fisk frå havbygdene. Både stovetømmer og ferdige hus har vore henta i Masfjorden til småbruka på kysten.

Sagbruket og kverna var i bruk til etter den andre verdskrigen. ❑

Sag på Mollandseid kring 1950.

ANDVIKI

Det gamle klyngjetunet i ANDVIKI låg på sørsida av elva. Heile innmarka var delt opp i teigar, som låg spreidde for kvart bruk og gjorde jordbruket urasjonelt. Etter utskiftinga i 1892 vart to bruk flytta ut på nordsida av elva, medan fire bruk vart liggjande. Kvart bruk flytta litt på husa sine, slik at det vart sjølvstendige tun. På eitt av bruka ligg ei løe med ein stor gråsteinsgavl; eit stramt og monumentalt byggverk i landskapet. Ved bygging av nye siloar på garden har det vore lagt ned mykje omtanke i utforminga av tilbygget for ikkje å øydeleggja arkitekturen i desse eldre bruksbygningane. Eigaren, landbrukskontoret og dei antikvariske styresmaktene har her hatt eit godt samarbeid.

BJØRN WEST MUSEET

BJØRN WEST-MUSEET held i dag til huse i ein bygning i sentrum av den vesle strandstaden Matre. Bygningen vart reist som funksjonærbustad av A/S Matrefaldene i 1912. Då den tyske okkupasjonsmakta kom til Matre i 1941, byrja dei her å ta ut sand for å byggja forsvarsanlegg ute ved kysten. Her var det ein arbeidsleir med 200 russiske krigsfangar og 30 fangevaktarar. Tyskarane rekvirerte dei to funksjonærbustadene til A/S Matrefaldene. Her budde kommandanten, marineløytnant KARL WAGNER, og fangevaktarane. Wagner vart dømd som krigsforbrytar i 1946 og sat i mange år på Bergenhus. I det huset der Bjørn West-museet no held til, hadde tyskarane vaktstasjon. Folk frå gardane Stordalen og Fosse måtte passera her når dei skulle til Matre, og mykje av forsyningane til Bjørn West vart ført framom denne kontrollposten.